



Til alle kommunar, folkebibliotek, tannklinikkar og vidaregåande skular i Hordaland til distribusjon på servicetorg og oppslagstavler der det måtte høve

Dato: 08.04.2014  
Vår ref.: 2014/325-14  
Saksbehandlar: laimelk  
Dykkar ref.:

## Arrangement i Hordaland i Grunnlovsjubileet 1814-2014

Grunnlovsjubileet 1814-2014 vert markert med store og små arrangement i heile fylket gjennom heile året. No nærmar sjølve festmånaden mai seg, og det høver med ei helsing frå Hordaland fylkeskommune med informasjon om nokre av dei fylkesdekkande tilboda dette året.

Vedlagt i denne sendinga er plakat til å henge opp på servicetorg og bibliotek om de ynskjer det. Denne sendinga går også til postmottak, slik at alt vedlagt er tilgjengeleg elektronisk, og de kan fritt trykke opp fleire plakatar eller vidaresende invitasjonar.

Grunnlovsjubileumsarrangement der Hordaland fylkeskommune er med og arrangerer:

- 22. april Kokkekonkurranse om historisk festmeny for Hordaland  
Sjå vedlagde invitasjon til orientering
- 14. mai Festmøte om Grunnlova i Korskirken i Bergen – ope for alle
- 31. mai Allting for ungdom i samarbeid med Grunnlovsseilasen 2014  
Sjå vedlagde invitasjon som også er sendt til ordførar og ungdomsrepresentantar
- 23. juni Hordaland fylkeskommune representerer Noreg på Orknøyande under  
The Thing Trail 2014 i samarbeid med Sogn og Fjordane
- Hausten 2014 Fylkesbiblioteket planlegg foredragsturne i samarbeid med folkebiblioteka
- 20. oktober Kulturminnemarkering i Christieparken i Bergen – ope for alle
- 27.-28. november Tingstadseminar

Meir informasjon om dei ulike arrangement står og lese på nettsidene [www.hordaland.no/grunnlovsjubileet](http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet) med lenkjer til fylkesarrangementa i den digitale kalenderen til sekretariatet for Grunnlovsjubileet på Stortinget sine sider [www.grunnloven200.no](http://www.grunnloven200.no). Program og invitasjonar til arrangement framover vert formidla utover året.

Det er gjennom heile året mogeleg å registrere jubileumsarrangement i den digitale kalenderen for jubileet, og alle er oppmoda om å gjere dette.

Dersom nokon i dykkar kommune ynskjer meir informasjon, fleire plakatar eller har andre spørsmål, ta kontakt med koordinator for Grunnlovsjubileet, Laila Melkevoll, epost: [laila.melkevoll@hfk.no](mailto:laila.melkevoll@hfk.no), telefon 55 23 99 55 eller på mobil 930 34 668.

Venleg helsing

Mona Hellesnes (s)  
Fylkesvaraordfører og leiar i komiteen for Grunnlovsjubileet i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune